



# Innst. 439 S

(2012–2013)

## Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Dokument 9 (2012–2013)

### **Innstilling fra finanskomiteen om rapport fra Norges Banks representantskap for 2012**

Til Stortinget

#### **Sammendrag**

Representantskapet i Noregs Bank har i samsvar med sentralbankloven § 5 ført tilsyn med drifta i Noregs Bank og sett etter at reglane for verksemda i banken er følgde i 2012.

I tråd med sentralbankloven rapporterer representantskapet om hovedstyrets protokollar, tilsynet med banken og saker som hovedstyret har lagt fram.

Hovedstyret har den utøvande og rådgivande makta i Noregs Bank etter sentralbankloven. Det leier verksemda i banken og forvaltar midlane. Representantskapet fører tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med verksemda i banken og måten banken etterlever lover, avtalar, vedtak og anna rammeverk på. Vidare vedtek representantskapet bankens budsjett og fastset bankens årsrekneskap.

I rapporten til Stortinget for 2011 (Dokument 9 (2011–2012)) blei det gjort greie for prioriteringar for det vidare tilsynsarbeidet. Moment for tilsynet som òg blei trekta særskilt fram i finanskomiteens innstilling til Stortinget, er omfatta av tilsynet i 2012 og omtalte i årets rapport.

Representantskapet har gjennomført tilsynsoppgåvane sine med basis i behandling av hovedstyrets protokollar, saker og utgreiingar. I tillegg er rapportar og utgreiingar frå tilsynssektariatet, ekstern revisor og juridiske rådgivarar behandla.

Rapporten om tilsynet i 2012 gir ein oversikt over representantskapets aktivitetar, ressursbruk og

metodiske tilnærming. Det blir gjort greie for tilsynet med hovedstyrets protokollar og rammeverk for styring og kontroll og for tilsynet med verksemda i banken. Representantskapet har halde øye med korleis banken har etterlevd rammeverket som gjeld for verksemda, spesielt Forskrift om risikostyring og intern kontroll i Norges Bank. Operativt er banken inndelt i sentralbankverksemda og Noregs Bank Investment Management (NBIM), og tilsynet med banken er skildra etter ei tilsvarende inndeling.

Representantskapet har vedteke nytt budsjettreglement for Noregs Bank som gjeld frå og med budsjettåret 2013. Rapporten gjer greie for korleis bankens budsjett og rekneskapsrapportering blir behandla.

Tilsynet med kapitalforvaltninga har hatt høg prioritet. Hovedstyret og representantskapet har vidareutvikla eit styringsrammeverk for eigedomsinvesteringar i Statens pensjonsfond utland (SPU) som omfattar føresegner om oppretting av og tilsyn med datterselskap. Gjennom 2012 har representantskapet følt med på korleis banken har bygd opp eigedomsporføljen i SPU og behandla ei uavhengig attestasjonsfråsegn om vurderingar av styrings- og kontrollrammeverket for eigedomsinvesteringane.

Representantskapet har òg behandla ei attestasjonsfråsegn om vurdering av styringsrammeverket for IT-sikkerheit i NBIM.

Med utgangspunkt i aukande offentleg interesse for korleis verksemder tek samfunns- og miljøansvar, har representantskapet sett særskilt på måten NBIM har integrert slike omsyn i kapitalforvaltninga på.

Utviklinga i internasjonal økonomi har medført at representantskapet har hatt auka fokus på bankens rolle og ansvar innanfor pengepolitikk og finansiell stabilitet, mellom anna hovedstyrets tilpassingar i retningslinjer for valutareservane.

## Representantskapets hovedkonklusjon

Gjennom tilsynet i 2012 har representantskapet fått alle dei opplysningsane det har bedt om.

Representantskapet meiner at hovedstyret har hatt tilfredsstillande styring og kontroll med Noregs Bank. Verksemda er utøvd i samsvar med sentralbankloven, mandat og retningslinjer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland og risikostyringsforskrifta.

Under behandlinga av fleire saker (for eksempel om datterselskap, IT-sikkerheit og beredskap) har representantskapet understreka det viktige i at hovedstyret følgjer opp tiltak. I oppfølginga blir representantskapet involvert.

Tilsynet med drifta av Noregs Bank og etterlevinga av reglane for verksemda i banken har ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova.

Hovedstyrets protokollar for 2012 er gjennomgått av representantskapet. Under behandlinga er det reist spørsmål ved enkeltsaker, og sentralbanksjefen har gitt tilfredsstillande utgreiingar. Representantskapet har ikkje protokollført særskilde merknader til hovedstyrets protokollar.

Representantskapet har vedteke bankens budsjett og fastsett bankens årsrekneskap for 2012. Det var ingen merknader til ressursbruken.

Det vises til dokumentet for nærmare omtale.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Gunvor Eldegard, Gerd Janne Kristoffersen, Marianne Marthinsen, lederen Torgeir Micaelsen, Torfinn Opheim, Knut Storberget og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet, Jørund Rytman, Ketil Solvik-Olsen, Kenneth Svendsen og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Gunnar Gundersen, Arve Kambe og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen, fra Senterpartiet, Magnhild Melvæit Kleppa, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Borghild Tenden, har mottatt rapport fra Norges Banks representantskap for 2011. Dette er i tråd med endringer i sentralbankloven i 2009 og 2010 når det gjelder oppgaver, ansvarsområder og rapportering for representantskapet.

Komiteen er opptatt av mest mulig åpenhet når det gjelder den eksterne rapporteringen rundt Norges Banks virksomhet. Særlig gjelder dette forvaltningen av Statens Pensjonsfond Utland (SPU)

som det knytter seg stor offentlig interesse rundt, både i Stortinget og ellers i samfunnsdebatten. Komiteen er tilfreds med at representantskapet praktiserer stor åpenhet innenfor rammene og avgrensningene som sentralbankloven og andre rammeverk for virksomheten i banken setter.

Komiteen har merket seg at Hovedstyret og representantskapet har videreutviklet et styringsrammeverk for eiendomsinvesteringer i SPU som omfatter føringer vedrørende oppretting av og tilsyn med datterselskap. Komiteen har videre merket seg at representantskapet gjennom 2012 har fulgt med hvordan banken har bygd opp eiendomsporteføljen i SPU og behandlet en uavhengig vurdering av styrings- og kontrollrammeverket for eiendomsinvesteringer. Komiteen er tilfreds med dette da eiendomsinvesteringer er nytt for forvaltningen av SPU.

Komiteen har også merket seg at representantskapet har hatt fokus på ansvarlig investeringsvirksomhet i NBIM og hvordan organisasjonen har integrert samfunns- og miljøansvar i kapitalforvaltningen sin. Dette er det økende bevissthet om i samfunnet, og en virksomhet som SPU må ha stor oppmerksamhet rettet mot sitt samfunns- og miljøansvar når de investerer i virksomheten globalt. Komiteen er tilfreds med den økte oppmerksamheten på dette området.

Komiteen tar til orientering representantskapets hovedkonklusjon om at hovedstyret har hatt tilfredsstillende styring og kontroll med Norges Bank. Virksomheten er utøvd i samsvar med sentralbankloven, mandat og retningslinjer for forvaltningen av SPU og risikostyringsforskriften. Komiteen støtter representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet og viser i den forbindelse til Finansmarknadsmeldinga.

Komiteen viser til Norges Banks hovedstyre leder det utøvende og rådgivende virksomheten til banken, mens representantskapet skal føre tilsyn med bankens drift og med at reglene for bankens virksomhet blir fulgt. Representantskapet har sitt eget sekretariat, og det fastsetter Norges Banks regnskap og vedtar budsjettet. Komiteen viser til at det de siste årene har skjedd flere endringer som gjelder representantskapet. I 2009 ble tilsyns- og kontrollansvaret til representantskapet presisert i sentralbankloven, og fra 2010 skulle representantskapet ikke skal sende meldingen om sin virksomhet til Finansdepartementet, men direkte til Stortinget.

Komiteen mener det er viktig at det løpende vurderes hvordan tilsynet med bankens virksomhet kan utvikles videre, herunder representantskapets rolle.

## **Komiteens tilråding**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjøre slikt vedtak:

Dokument 9 (2012–2013) – rapport fra Norges Banks representantskap for 2012 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 6. juni 2013

**Torgeir Micaelsen**

leder

**Gerd-Janne Kristoffersen**

ordfører

